VEDLEGG A

KRAVSPESIFIKASJON

1. GENERELT

Måløy vidaregåande skule er ein skule som har utdanning innan marine- og maritime fag. Vi har per i dag 325 elevar fordelt på 20 klassar. På vg1-nivå har vi per i dag 30 elevar på naturbruk (blå) og 6 elevar på TAF AKVA. På vg2-nivå har vi 15 elevar på akvakultur, 6 elevar på TAF AKVA, 15 elevar på fiske og fangst og 30 elevar på maritime fag. I tillegg har vi TAF AKVA-elevar på vg3 og vg4. Elevtalet kan variere etter tal på søkjarar. Måløy vgs har hatt ein mindre undervisningsløyve på laks i mange år, og fekk i 2017 undervisningsløyve på 780 tonn laks.

Då undervisningsløyvet til skulen går ut i 2027, vil vi no søke om løyve for ti nye år.

Målet med denne utlysinga er å inngå ein partnarskapsavtale med ein partner om å arbeide saman med siktemål om å inngå ein samarbeidsavtale som inneheld:

- Pedagogisk plan/årsplan for samarbeidet som omfattar ansvar, plan for opplæring og viser til aktuelle lover og forskrifter. Planen skal dekke den praktiske opplæringa etter kompetansemåla i læreplanen i programfaga (dei som er praktisk retta). Dette må også inkludere eventuelle avtalar mellom skule og samarbeidsbedrift for opplæring, transport, bygg, anlegg og materiell (og drift av dette) til opplæringa, sjå avtaledokument.
- Juridisk – formål, bakgrunn, ansvar og pliktar, etablering og drift av samarbeidet, endring og tilpassing av samarbeidet – sjå avtaledokument.

  Avtala føreset av Måløy vgs får undervisningskonsesjon på 780 MTB som ein har søkt om, og at det i vedtaket vert gjeve heimel for å leige den ut til tilbydar. Dette fordrar at det blir gitt gyldig og tydeleg heimel for utleige i vedtaket.
- Økonomisk – leige av konsesjonen, sjå avtaledokument.

Ved å inngå avtale vil leverandør òg forplikte seg til å tilby utplasseringsplassar for elevar ved naturbruk og akvakultur ved Måløy vgs, både ordinære elevar og elevar med tilretteleggingsbehov.

Då samarbeidsavtalen er inngått vil skulen søkje Fiskeridirektoratet om vederlagsfritt løyve til akvakultur som skal nyttast til undervisningsføremål (matfisk av laks, aure og regnbogeaure). Samarbeidsavtalen vil vere vedlegg til søknaden. MTB (maksimalt tillatne biomasse) vil bli avgjort etter ei konkret vurdering, men skal ikkje overstige 780 tonn. Som del av søknaden vil det òg søkjast dispensasjon frå forbodet mot utleige i akvakulturlova § 19 tredje ledd, for å kunne leige ut undervisningsløyve til ein valt samarbeidspartnar.

Vestland fylkeskommune er ansvarleg for søknaden til Fiskeridirektoratet og vil i tett samarbeid med oppdrettar ta ansvar for den vidare avklaringa av aktuelle lokalitetar opp mot kommune, regionale og statlege myndigheiter.

1.1 Formålet med avtalen

Målet med avtalen er å styrkje akvakulturopplæringa ved Måløy vgs. Avtalen skal òg bidra til å styrke banda og oppretthalde det gode samarbeidet mellom skulen og næringa. Vidare skal avtalen sikre at drifta av undervisningsløyvet vert retta mot opplæring. Kompetansemåla i læreplanen for akvakultur krev at eleven får god og relevant opplæring i alle sider ved oppdrett av laksefisk.

Avtalen skal sikre god kvalitet på både den teoretiske og praktiske opplæringa i faga innan akvakultur etter fagfornyinga og læreplanane sine intensjonar og mål.

Avtalen og samarbeidet skal sikre at dei elevane ved Måløy vidaregåande skule som er omfatta av avtalen får gjennomført og godkjent praksis i tråd med praksisplanen for akvakultur. Denne avtalen og beskrivinga i søknad om undervisningsløyve skal danne eit rammeverk for organisering av samarbeidet om praksisopphald på lokalitetane til oppdrettar. Skulen utarbeidar ein avtale mellom skulen og oppdrettar for kvar elev.

Undervisningsløyvet er ein føresetnad for å etablere samarbeidet. Dersom løyve ikkje vert gitt, kan partane avslutte samarbeidet utan juridiske eller økonomisk krav mot kvarandre.

2. OMFANG

Verdien av undervisningskonsesjonen er estimert til mellom NOK 100 000 000–200 000 000 eks. mva per år. Total verdi på kontrakten er estimert til verdi per år multiplisert med lengda på kontrakten. Det vert understreka at oppgjeven verdi er basert på estimat frå liknande avtalar og økonomiske data henta mellom anna frå Proff Forvalt.

Etter konsesjonskontraktforskrifta § 5-2 (1) skal oppdragsgjevar berekne verdien av konsesjonskontrakten på grunnlag av leverandøren sin forventa samla omsetnad i for heile kontraktsperioden. Det er vanskeleg å gje eit godt estimat for denne avtalen, då ho har ei varigheit på 10 år, og omsetnaden for oppdrettskonsesjonar har mange variablar som endrar seg raskt og ofte. Det er difor vanskeleg å føreseie omsetnad fram i tid. I tillegg vil omsetnaden variere, då han er avhengig av kapasiteten og innsatsen til oppdrettaren. Ein ordinær oppdrettskonsesjon på 780 MTB er vurdert til ein verdi av mellom 180 000 000 og 230 000 000 kroner.

Avtalen gjeld samarbeidet som er etterspurt i Vedlegg A Kravspesifikasjon og i Avtaledokumentet

3. KRAVTYPAR

Heile konkurransen må sjåast på som krav det skal svarast på. Dette betyr at oppdragsgjevar føreset at tilbyder set seg inn i alle delar av konkurransedokumenta.

Absolutte krav (A[1])	Kravet MÅ tilfredsstillast ved kontraktsstart. Kontraktsstart vil vere ved oppstart av kontrakt etter løyve er gitt. Tilbod som ikkje tilfredsstiller MÅ-krav kan bli avvist. Kravet vert vurdert som oppfylt/ikkje oppfylt og vert ikkje poengsett.
Absolutte, poengsette krav (A[2])	Den delen av kravet som er definert som absolutt MÅ tilfredsstillast ved kontraktsstart. Kontraktsstart vil vere ved oppstart av kontrakt etter løyvet er gitt. Tilbod som ikkje tilfredsstiller MÅ-krav kan bli avvist. Det vil bli evaluert på i kva grad (kor godt) den delen av kravet som *ikkje* er absolutt blir oppfylt. Dvs. kor god meirverdi tilbodet visar *utover* minstekravet. Dette vil verte evaluert som en del av tildelingskriteria.
Viktige krav (B)	Kravet BØR tilfredsstillast, men det er ikkje et absolutt krav. Skildringa av kravet vil verte evaluert som del av tildelingskriteria.

4. KRAVTABELL FOR UNDERVISNINGSLØYVE

4.1 Generelle krav

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
1.	Tilbydar skal stille med 1–2 namngjevne kontaktpersonar. Desse ressursane vert løna av oppdrettar. Oppdrettar skal heile tida halde skulen orientert om kven desse kontaktpersonane er.	A1

5. OPPLÆRING

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
2.	Føresetnaden for utleige av konsesjon er at elevane som er omfatta av avtalen får tilgang til praktisk opplæring hos oppdrettar, på nærmare definerte lokalitetar. Dette kan anten skje der konsesjonen vert drive eller på andre lokalitetar som oppdrettar har.	A1
3.	Oppdrettar må ha minst to lokalitetar, slik at undervisning kan skje kontinuerleg sjølv om den eine lokaliteten er brakklagt.	A1
4.	Det skal være nærleik til opplæringsarena, som kan nyttast for inntil 20 elevar (ikkje klasserom eller utplassering), og den skal vere ein sjølokalitet. Det skal være maksimalt ein (1) time reisetid frå Måløy vidaregåande skule til kaianlegg. Reisetid reknast som tid frå Måløy vgs og fram til kaianlegg der båttransport ut til lokaliteten startar. Dokumentasjonskrav; kort skildring av aktuelle lokalitetar og reisetid til desse.	A2
5.	Oppdrettar er ansvarleg for at anlegget tilfredsstiller alle relevante krav i akvakulturloven og arbeidsmiljøloven. Oppdrettar skal følgje forskrift om organisering, ledelse og medvirkning, kapittel 12, som gjeld for ungdom under 18 år.	A1
6.	Etter lov om yrkesskadeforsikring, er praksisstaden ansvarleg for yrkesskadeforsikring. Bedrifta der eleven er utplassert må difor syte for at eleven er omfatta av yrkesskadeforsikringa til bedrifta.	A1
7.	Det vil vidare vere eit krav at samarbeidsbedrifta er ein godkjent lærebedrift. Oppdrettar skal ha evne til å stette føremålet om opplæringskonsesjon i laksetildelingsforskriften §6-1, 5.ledd	A1

5.1 Tilgang til produksjonslinja

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
8.	Elevane skal få kunnskap og kompetanse i produksjon frå smolt til ferdig produsert matfisk. Det vil trekke opp om elevane òg får kunnskap og kompetanse i produksjonsfasane frå rogn til smolt. Det vil kunne vektast positivt om bedrifta òg kan gje elevar (og pedagogisk personell) innsikt i forsking og vidareutvikling av akvakulturnæringa. Dokumentasjonskrav; tilbydar skal skildre korleis dette vert løyst og gjere greie for lokasjonane for heile produksjonslinja	A2
9.	Lærar hos Måløy vidaregåande skule skal ha tilgang til lokalitet for å følgje opp elevar som er utplasserte.	A1

5.2 Praksisplassar og lærlingplassar

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
10.	Oppdrettar skal tilby opplæringskontrakt for to (2) YSK/TAF-elevar på vg1 per skuleår.	A1
11.	Minimum fire (4) utplasseringsplassar for vg1-elevar og fire (4) utplasseringsplassar for vg2-elevar. Desse elevane skal ha ein opplæringsplan. Ein av desse utplasseringsplassane skal kunne tilbydast ein elev med behov for assistent. Skulen vil stille med miljøarbeidar eller assistent ved behov.	A1

12.	Oppdrettar skal tilby følgande utplasseringsperiodar:
	
	• Vg1 og vg2:
	  o Åtte (8) veker for vg1
	  o Seks (6) veker og i tillegg inntil to (2) dagar annan kvar veke for vg2
	• YSK-/TAF-elevar:
	  o To (2) utplasseringsdagar i veka for 1.–3. skuleår og tre (3) dagar per veke for 4. skuleår. Det skal skrivast kontrakt med TAF-elevar som går over heile utdanningsløpet på fire år.
		A1

5.3 Plan for opplæringa

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
13.	Ein sentral del av samarbeidsavtala vil vera å utarbeida pedagogisk plan/årsplan som skal følgje søknad til Fiskeridirektoratet. Oppdrettar skal delta i arbeidsgruppa for utarbeiding av søknad og opplærings-plan/årsplan. Opplæringsplanen/årsplanen skal ha følgande omfang: • Dei aktuelle kompetansemåla • Opplæringsarena for dei ulike kompetansemåla • Kva arbeidstøy og utstyr elevane skal bruke på lokalitetane	A1
14.	Oppdrettar skal gje tilbakemelding på elevar på evalueringsskjema som skulen sender ut.	A1
15.	Oppdrettar skal ha ein tilsynsperson/kontaktperson for oppfølging av opplæringsplan og ettersyn med elevar når dei er på anlegget. Oppdrettar skal sørge for at elevane alltid er informert om kven dette er og korleis denne kan kontaktast.	A1
16.	Skulen vil i enkelte høve kunne nytte seg av fagekspertisen som er i bedrifta når det gjeld ulike tema der lærar ikkje har spisskompetanse. Denne ressursen skal lønast av oppdrettar.	A1
17.	Bedrifta skal ha ansvar for den praktisk opplæring på lokalitet og skal gje elevane opplæring i: • HMS-arbeid • biosikkerheit • sikker-jobb-analyse • internkontroll • generell åtferd på anlegg • beredskapsplanar	A1
18.	Elevar som deltek i opplæringsaktivitetar knytt til oppdrettsanlegget, skal dokumentere læringsarbeidet sitt etter opplæringsplanen gjennom rapportar, presentasjonar eller andre skuleoppgåver. Tilbydar skal avtale med elevane/læraren kva type materiale som kan nyttast i skulearbeidet og delast på sosiale medium. Avklaringa skal omfatte bruk av videofilmar, bilete, tekniske opplysningar, produksjons-data, driftsrutinar og annan informasjon som verksemda vurderer som intern eller sensitiv.	A1

5.4 Partane sine plikter for samarbeidet

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
19.	Oppdrettar skal sørge for at konsesjonen kjem i operativ drift innan tre (3) månadar etter at konsesjonen er innvilga.	A1
20.	Det vert føresett at oppdrettar nyttar løyvet i heile avtaleperioden, slik at elevane får naudsynt praktisk opplæring.	A1
21.	Oppdrettar skal sjå til at vilkåra i vedtaket frå Fiskeridirektoratet vert følgt. Skulen skal fortløpande haldast orientert om alle tilhøve som kan ha betydning for dei vilkåra som er sett i vedtaket. Oppdrettar er ansvarleg for all rapportering til aktuelle myndigheiter som gjeld opplærings-konsesjonen	A1

5.5 Samarbeid og utvikling

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
22.	Skule og oppdrettar skal samarbeide om rekrutteringsarbeid. Oppdrettar skal bidra i rekrutteringsarbeid retta mot elevar og føresette gjennom informasjonstiltak og deltaking på relevante arrangement.	A1
23.	Representantar frå oppdrettar og skulen skal møtast i ei styringsgruppe minst ein gong per halvår. Utover dette har representantar for partane tett kontakt. Måløy vidaregåande skule skal kalle inn til møta.	A1
24.	Oppdrettar skal leggje til rette for hospitering og kompetanseheving for pedagogisk personale ved Måløy vidaregåande skule.	A1

6. ØKONOMI

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
25.	Årleg leigesum på 780 MTB skal vere minimum 8 mill. kr. Oppdrettar skal gje opp leigesum pr år i Vedlegg C.	A2

7. MILJØ

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
26.	Måløy vidaregåande skule er eigd av Vestland fylkeskommune og fylkeskommunen følger føringane i «Utviklingsplan for Vestland 2024–2028». I denne utviklingsplanen finn ein beskriving av «Eit berekraftig og nyskapande Vestland» under kapittel 2. Det er viktig at klima og miljø ligg som premiss for samfunnsutvikling i Vestland. Det vil bli vurdert om oppdrettar har eit bevisst fokus på miljø og kva tiltak og prosjekt oppdrettar kan visa til av nye berekraftige driftsformer. Det vil bli lagt vekt på at oppdretter har fokus på resirkulering og gjenbruk av utstyr og deltek i samfunnsnyttige miljøtiltak som strandrydding i samarbeid med skulen. Dokumentasjonskrav: Leverandøren skal skildre si løysing og denne vert følgt opp årleg på eit samarbeidsmøte.	B